



Even Fanebust  
Kyrkjevegen 49  
5911 Alversund

Vår dato:

04.10.2023

Vår ref:

2023/14830

Deres dato:

Saksbehandler, innvalgstelefon  
Ida Loftesnes Kvåle, 5764 3155

## Regelverksorientering om byggesaksgebyr og bruksendring knytt til gbnr. 455/16, Radøyvegen 1353, i Alver kommune.

Vi har den 28.09.2023 fått tilsendt to e-postar frå deg, om sak etter plan- og bygningslova som gjeld mellombels bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad på eigedomen gbnr. 455/16, og gebyr knytt til søknaden.

Søknaden har sin bakgrunn i kommunen sitt behov for å huse flyktningar frå Ukraina. Slik vi forstår e-postane ønskjer du å klage på størrelsen på gebyret, i ei sak som har stor samfunnsvikt, spesielt for kommunen.

Vi gjer for ordens skuld både deg og kommunen merksam på plan- og bygningslova [§ 20-9](#) og [§ 20-10](#) som gjeld sakshandsaming etter plan- og bygningslova når formålet er å huse flyktningar frå Ukraina. Vi legg til grunn at kommunen er kjent med føresegna.<sup>1</sup>

Vi viser innleiingsvis til at vi har motteke denne klagan direkte frå deg. Vi har ikkje ei aktiv klagesak (oversendt frå kommunen) her hjå oss. Statsforvaltaren har ikkje kjennskap til saka ut over dei to e-postane vi har fått. Vi gir difor tilbakemelding på eit generelt grunnlag. Tilbakemeldinga blir for ordens skuld sendt både til deg og til kommunen.

### Klage

Når kommunen gjer eit enkeltvedtak, vil «*part eller annen med rettslig klageinteresse i saken*» kunne klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28 første ledd. Kven som er part følger av forvaltningslova § 2 bokstav e.

Klagan skal settast fram «*tre uker frå det tidspunkt underretningen om vedtaket er kommet frem til vedkommende part*», jf. forvaltningslova § 29 første ledd. For den som ikkje har motteke underretning om vedtaket startar klagefristen å laupe frå «*det tidspunkt har fått eller burde ha skaffet seg kjennskap*

<sup>1</sup> Sjå meir informasjon hjå KDD. [Enklere byggesaksprosesser for å sikre godt og forsvarlig mottak av flyktninger - regjeringen.no](#)



*til vedtaket,» jf. § 29 andre ledd. Dersom klaga er sendt etter klagefristen, kan klaga likevel takast til handsaming på visse vilkår, jf. forvaltningslova § 31.*

Ilegging av gebyr kan vere eit enkeltvedtak som kan klagast på, og du er part i saka om gebyr som du er ilagt, sjå nærmare om ilegging av gebyr nedanfor.

Ei klage skal sendast til den som har gjort vedtaket, dvs. kommunen. Dersom vedtaket ikkje vert endra, skal klaga sendast vidare til overordna organ, i dette tilfellet Statsforvaltaren i Vestland, for endeleg klagehandsaming. Dersom du ønskjer å klage på at kommunen har ilagt gebyr for søknaden din, må du sende klaga til kommunen. Deretter må kommunen ta klaga til handsaming og gjere eit vedtak. Dersom kommunen ikkje tek klaga til følgje, skal klagesaka sendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

#### Bruksendring og ilegging av gebyr

Vi viser til at bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad er eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova.

Plan- og bygningslova § 33-1 gir kommunen heimel til å fastsette gebyrregulativ til dekning av utgifter for handsaming av «*søknad om tillatelse, utferdigelse av kart og attestar og for andre arbeid som det etter denne lov eller forskrift påhviler kommunen å utføre, herunder behandling av private planforslag*». Gebyret skal ikkje overstige kommunen sine nødvendige kostnadar på sektoren.

Sjølve storleiken på gebyret og ilegginga av gebyret er vedtatt i forskrift, og kan difor ikkje klagast på som eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 28 første ledd, jf. § 2. Kommunen kan difor avvise ei klage på sjølve ilegginga av gebyret.

Bruken av gebyrregulativet kan likevel klagast på. Det same gjeld vurderinga av eventuell søknad om nedsetting av gebyret. Forarbeida til plan- og bygningslova føreset at kommunen skal ha gebyrregulativ som opnar for å sette ned urimelege gebyr. Dette kan gjerast gjennom søknad om nedsetting av gebyr eller søknad om dispensasjon frå gjeldande gebyr.<sup>2</sup>

Etter vår vurdering er dette ei sak du må ta opp med kommunen. Vi avsluttar saka hjå oss utan vidare oppfølging.

Med helsing

Jorunn Fosse Fidjestøl  
seniorrådgjevar

Ida Loftesnes Kvåle  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG

<sup>2</sup> Ot.prp. nr. 45 (2007-2008) s. 284, 281, 282 og 283.